

Fra: Ida-Beate Mølmesdal (Ida-Beate.Molmesdal@sfj.no)

Sendt: 02.05.2017 15:20:48

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: International Youth Peace Conference on Climate Change

Vedlegg: Søknad om sponsoring av deltagarar.pdf

30. september til 8. oktober 2017 vert det arrangert ei internasjonal fredskonferanse om temaet klimaendringar, i Sogn og Fjordane.

Eg ynskjer å vidareformidle ein søknad til alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg, om å sponse deltaking for lokal ungdom. Sjå vedlagt søknad. Det er også mogeleg å sponse deltaking for internasjonale deltagarar. Dette er eit arrangement for ungdom og studentar i alderen 16-21 år, og arrangementet skal ha om lag 600 deltagarar. Det vil vere både norske og internasjonale deltagarar.

Klimautfordringane er ei av dei største utfordringane som kloden vår har stått ovanfor. Det er eit globalt problem, som også må handterast på lokalt nivå. Organisasjonen sitt motto er: «Your voice counts!». Alle deltagarane på konferansen skal vite og tru at når det kjem til klimaendringane og fred, så vil deira stemme telje. Det blir lagt opp til eit spanande og lærerikt program, fordelt på 5 ulike kommunar i Sogn.

Totalkostnaden pr. deltagar er 7450 kr, noko som dekkjer overnatting, mat, sosiale aktivitetar, reise mellom aktivitetane, arbeidsmateriell og inngang til avslutningsseremonien og avslutningskonserten.

Håper at de ynskjer å bidra til at ein eller fleire av dykker lokale ungdommar får høve til å delta på dette arrangementet. Fylkeskommunen behandler sjølv søknaden om finansiering av vidaregåande elevar no, og ynskjer å bidra til at arrangementet blir ein suksess.

Ta kontakt med creative director, Deborah Emma Davies (deborahd@hvl.no) dersom de har fleire spørsmål om arrangementet.

Sjå [nettsida](#) deira for meir informasjon. Vidaresend gjerne til andre dette vil kunne vere aktuelt for.

Med helsing

Ida-Beate Mølmesdal

Rådgjevar innan klima og miljø, fylkesrådmannen - planstab

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sj.no | Ida-Beate.Molmesdal@sfj.no

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 47604557